

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2016	Radøy eldreråd	PS	20.06.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	16/991	16/7781

## Høyring - Retningsliner for kulturmidlar

### Saksopplysingar:

### Bakgrunn

Radøy kommune fordeler kvart år kulturmidlar til lag og organisasjoner og ulike kulturtiltak i kommunen. Retningslinene som ligg til grunn for desse tildelingane vart vedtatt i formannskapet 15. juni 2000 (sak 55/00) og er på mange måtar utdaterte no. Rådmannen har laga utkast til nye retningsliner, i tråd med Kulturplan for Radøy kommune 2011-2020.

Denne saka gjeld å leggja utkast til retningsliner for kulturmidlar på høyring.

### Vurdering

Dei nye retningslinene for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune tar utgangspunkt i eksisterande retningsliner, etablert praksis, føringar i kulturplan for Radøy kommune og tilbakemeldingar frå lag og organisasjoner i kommunen. Det er gjort ein del viktige endringar for å gje dei nye retningslinenene meir føremålstenlege, og ikkje minst for å ha betre grunnlag for å vurdera søknadene.

Dei nye retningslinene seier ikkje noko om storleiken på kulturmidlane i budsjettet, men føreset ei omfordeling av avsette midlar mellom nokon av postane.

I det følgjande vert dei viktigaste endringane gjort greie for:

### Kven kan få støtte?

Dei nye retningslinene er tydelegare på kven som kan få og kven som ikkje kan få kulturmidlar frå Radøy kommune. Noverande retningsliner seier at lag og organisasjoner i kommunen og regionale lag med medlemer/aktivitet i kommunen kan få kulturmidlar (driftsmidlar), men seier ingenting om kven som kan få tilskot frå dei andre postane. Det er heller ikkje sett nokon avgrensingar når det gjeld kva for lag som kan få støtte.

I dei nye retningslinene er dette stramma inn for alle tilskotstypane. No er det lag og

organisasjonar i kommunen som skal kunna få kulturmidlar, medan regionale lag og fylkesorganisasjonar berre skal få tilskot dersom midlane vert øyremerkte aktivitet i Radøy kommune og det ikkje finst lokallag i kommunen som ivaretar denne verksemda. Retningslinene listar også opp kven som ikkje kan søkja kulturmidlar i kommunen, noko som medfører ei innstramming og tydeleggjering på kven som kan søkja kulturmidlar.

### Typar tilskot

#### Driftsmidlar til lag og organisasjonar

Utkast til nye retningsliner har endra kategoriar i høve til tidlegare. Det som tidlegare vart kalla «Kulturmidlar til lag og organisasjonar» heiter no «Driftsmidlar til lag og organisasjonar». Denne namneendringa er gjort for å unngå samanblanding med dei andre tilskotstypane.

Som tidlegare opererer ein under driftsmidlar med ein fordelingsnøkkel mellom kategoriane idrett, musikk og andre innanfor driftsmidlane. Utkastet til retningsliner foreslår at idrett skal ha 45 % og musikk 35 % av midlane, som tidlegare. Dette er ei fordeling rådmannen meiner er rettvis, med tanke på at Manger musikklag får eit årleg tilskot på kr 50 000 utanom desse midlane og dermed ikkje får av potten for musikk. Noverande retningsliner set av 20 % til andre lag og organisasjonar. I det nye forslaget er dette endra til 10-20 % og at inntil 10 % av desse midlane kan fordelast på musikk eller idrett dersom det kjem færre søknader eller det av andre grunnar er openbart at lag innan idrett eller musikk får mindre enn rimeleg i høve til tildeilingskriteria. Dette er gjort fordi me dei siste åra sett at talet på søkerar i kategorien «andre» har variert mykje, og at lag med liten aktivitet ved nokre tildelingar har fått langt betre utteljing enn laga innanfor musikk og idrett.

Punktet om at 10 000 kroner skal setjast av til lag for funksjonshemma er fjerna. Bakgrunnen for dette er at rådmannen meiner at tilskotsbeløpet bør gjenspegle medlemstal, aktivitetsnivå og utgiftsnivå. I vurderingskriteria er det sagt at aktivitetar som femnar om menneske med nedsett funksjonsevne skal prioriterast.

Dei nye retningslinene seier at driftsmidlar frå Radøy kommune ikkje skal utgjera meir enn 50 % av laget sine totale utgifter. Rådmannen meiner det er rimeleg at lag og organisasjonar skaffar inntekter også frå andre stader enn kommunale tilskot.

Tidlegare har kommunen gjeve driftsmidlar også til grendalag som har som (omtrent) einaste formål å ta vare på grendahus. Desse har hamna i kategorien «andre» saman med t.d. Marås 4H og Radøy sogelag. Desse grendalaga har normalt lite kulturaktivitetar, bortsett frå utleige av bygget og tilskipingar for å samla inn midlar til bygget, og ingen medlemer. Det er dermed vanskeleg å samanlikna grendalaga med dei andre laga i gruppa. I utkastet til retningsliner for kulturmidlar legg ein opp til at driftsmidlane meir skal vera aktivtetsbaserte, og lag som har som hovudformål å drifta hus skal ikkje kunna få midlar frå driftsmidlane. Grendalag o.l. kan likevel søkja støtte frå driftsmidlane dersom dei har ein del kulturaktivitetar i laget.

#### Tilskot til mindre investeringar i kulturbrygg og –anlegg

I utkast til nye retningsliner er det oppretta ein ny tilskotsordning som er kalla «tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og –anlegg». Frå denne potten kan ein gi mindre tilskot til Investeringar i eigne kulturbygg og –anlegg og kjøp av utstyr og materiell til eigne kulturbygg og –anlegg. Ved å gjera det på denne måten kan ein støtta opp om dei laga som ynskjer å vidareutvikla bygga dei forvaltar og gje meir midlar når det trengs, i staden for å fordela det flatt utover som driftsmidlar.

### Aktivitets- og prosjekttilstskot

Dei tre ordningane «tilskot til barne- og ungdomsarbeid», «underskotsgarantiar» og «kulturstyret sine tiltak» er slått saman til éi ordning som er kalla «Aktivitets- og prosjekttilstskot». Dette tilskotet skal kunna gjevast både som direkte tilskot og som underskotsgaranti. Retningslinene seier at ein skal prioritera arrangement og prosjekt som er nyskapande.

### Leiaropplæring

Det har ikkje vore lyst ut midlar til «Leiaropplæring» på fleire år. Denne ordninga er tatt inn att i dei nye retningslinene, etter oppfordring frå idrettsrådet og fleire lag og organisasjonar. I retningslinene er det lagt opp til at denne tilskotsordninga kjem på plass frå 2017.

### Tilstskot til idrettsanlegg

«Tilstskot til idrettsanlegg» er også tatt inn i retningsliner for kulturmidlar, men eigne retningsliner bør utarbeidast.

Støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå  
Siste tilskotstype som er tatt med er «Støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå». Dette er ein tilskotstype som ikkje er nemnd i noverande retningsliner for kulturmidlar. Ordninga er tenkt å femna om den faste årlege støtta som per i dag vert gjeve til Manger musikklag og til Tommy Urhaug, og eventuelt framtidige utøvarar på elitenivå.

I tråd med kulturplanen er det tatt inn at støtte kan også gjevast som stipend til unge, lovande einskildutøvarar etter oppnådde resultat primært på nasjonalt og internasjonalt juniornivå.

Kulturprisen, idrettsprisen og kulturminnefondet er ikkje tatt med i retningslinene for kulturmidlar. Kulturprisen og kulturminnefondet har eigne retningsliner. Det bør utarbeidast eigne retningsliner for idrettsprisen.

### Vurderingskriterium

Felles for alle tilskotstypane er at born og unge skal prioriterast, og også aktivitetar som femnar om menneske med nedsett funksjonsevne. I dei nye retningslinene er det også tatt med at tiltak som fremjar integrering skal prioriterast. For driftsmidlar vert også medlemstal, aktivitetsnivå og

driftsinntekter og –utgifter lagt til grunn.

### Sakshandsaming

Det er ikkje gjort endringar i delegasjonen for eksisterande ordningar, bortsett frå at rådmannen no kan dela ut tilskot inntil kroner 10 000 mot 5000 kroner tidlegare.

Musikkrådet og idrettsrådet skal, som tidlegare, ha alle søknader som vedkjem deira område til uttale. Dei nye retningslinene seier at også ungdomsrådet skal ha aktuelle søknader til uttale, i tråd med retningslinene for ungdomsrådet.

### **Konklusjon**

Dei nye retningslinene skal gjeva eit betre grunnlag for fordeling av kulturmiddlar i Radøy kommune.

Retningslinene bør leggjast ut på høyring før dei vert vedtatt.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet legg utkast til retningsliner for kulturmiddlar i Radøy kommune ut på høyring med høyringsfrist 1. august.

### **Formannskapet i Radøy - 054/2016**

#### **FS - handsaming:**

Rådgjevar kultur, Bente K. Hervik, svara på spørsmål om dei nye retningslinene for tildeling av kulturmiddlar.

Dei nye retningslinene har større fokus enn før på aktivisertbaserte kriterie for tildeling.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) var litt bekymra over at tilskotspotten til "andre lag" kunne verta i minste laget. Ho sette fram eit forslag om å oppretta 20 prosent av tilskotspotten til denne gruppa lag, men trekte framleggjet.

På grunn av sommarferien som står for døra, meiner Jostein Borlaug det er fornuftig å gje lengre høyringsfrist.

Han sette fram følgjande endringsframlegg:

Høyringsfristen vert sett til 15. august.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Jostein Borlaug sitt framlegg sett fram i møtet.

**FS - vedtak:**

Formannskapet legg utkast til retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune ut på høyring med høyringsfrist 15. august.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eldrådet kjem med følgjande uttale til retningslinjer for kulturmidlar:

**Radøy eldreråd - 013/2016**

**ELD - handsaming:**

Forslag til retningslinjer er i stor grad i tråd med eldrerådet sine ønskjer.

Rådet hadde ei drøfting kring tilskotsendringa til RUFY. Det faste tilskotet til RUFY på 10 000,- er teke vekk i forslaget, og laget må då søkja på lik linje med andre lag. Det vil sei at tilskotet ikkje skal dekkja meir enn 50% av driftsutgiftene. Dermed vil dette tilbodet få heilt andre økonomiske rammer, noko ein ser på som uheldig fordi dette er ei gruppe som har få fritidsaktivitetar utanom dette tilbodet og ein ser faren for at tilbodet vil falla vekk.

Oddbjørg Dragøy sette fram følgjande forslag: Eldrerådet ønskjer at tilskot til RUFY på 10 000,- vert vidareført. Subsidiert ønskjer eldrerådet at kommunen overtar driftsutgiftene til lokalet.

Forslaget vart einstemmig vedteke.

**ELD - vedtak:**

**Eldrådet kjem med følgjande uttale til retningslinjer for kulturmidlar:**

Eldrerådet ønskjer at tilskot til RUFY på 10 000,- vert vidareført. Subsidiert ønskjer eldrerådet at kommunen overtar driftsutgiftene til lokalet.

**Vedlegg:**

Utkast til nye retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune

Noverande retningsliner kulturmidlar

Referat frå møte med lag og organisasjonar 9. februar